



## Referat frå elevrådsmøte 08.01.2025

Desse møtte:

- Alle elevrådsrepresentantane på alle årstega
- Rektor
- Malin (miljørettleiar) meldte forfall grunna kurs

Elevrådsrepresentantane skulle drøfte desse sakene i klassane før møtet:

- **Vennebenken:** korleis skal vi bruke vennebenken?  
Elevrådet ynskjer at vennebenken skal nyttast til både sitjing og når ein ynskjer å vere med nokon. Ein kan sitje på benken når ein ynskjer å slappe av og når ein vil at nokon skal kome bort. Når nokon ser at andre sit på benken, skal ein spørje om dei vil vere med i leiken. Den som sit på benken har lov til å seie nei, men det kan hende at andre sluttar å spørje dersom dei får nei fleire gongar på rad.
- **Fotballspeling i friminutt:** Opplever elevane meir eller mindre konflikhtar enn før?  
Elevane seier at det er færre konflikhtar enn før. Det hjelper at det er vaksne til stades. Dei gongane det blir konflikhtar, er det som oftast fordi nokre er dårlege taparar. Alle må hugse at ein spelar fotball fordi det er gøy, ikkje for å vinne.

### Innkomne saker

- Elevane ynskjer fotballturnering til våren, slik som i fjor. Rektor seier at dette skal vi gjennomføre.
- Elevane ynskjer at ballane som ligg på taket skal takast ned. Rektor skal melde dette vidare til driftsavdelinga, men gjer meksam på at dette ikkje er ei oppgåve dei kan prioritere. Dei tek det når dei har tid.
- Elevane etterlyser organisert vaksenstyrt leik i friminutta. Rektor melder dette vidare til avd.leiar som har ansvar for dette.
- Elevane etterlyser klokke i alle klasserom. Rektor bestiller dette.
- Det er lite vasstrykk i dusjane i elevgarderobane. Rektor melder dette vidare til driftsavdelinga.
- Fleire etterlyser skoskeier. Desse får ein ved å melde seg til rektor.

Linda Selheim (referent)